

# Reglar og Retningslinjer for BIL Fotball.

Vedteke på styremøte 06.03.2017.

## Barneavdelinga (6-12 år):

### Seriekampar:

Desse utgiftene vert dekkja av klubben:

- Ferjekostnader ved bruk av klubben sine verdikort (eller eige rabattkort).
- Bompengar.
- Dommarutgifter: Kr. 100,- pr. kamp. Trenar / lagleiar skaffar dommar, og legg ut for dette. Utgiftene skal først opp på skjema for "Domarreknig", som ein finn under "Skjema" på heimesida vår.

Det vert ikkje dekkja km. godtgjersle til kampar i barneavdelinga. Kjøring må fordelast på foreldra.

### Deltaking i Cupar:

Ein kan delta i opptil 3 Cupar pr. år i Hordaland/Rogaland. Cupar på Bømlo og Stord kjem i tillegg.

**NB! Det er ikkje høve til å delta i såkalla "elitecupar" for lag i barneavdelinga.**

Alle utgifter til deltaking i cupar må dekkast av laget.

## Ungdomsavdinga (13-16 år):

### Seriekampar:

Desse utgiftene vert dekkja av klubben:

- Ferjekostnader ved bruk av klubben sine verdikort (eller eige rabattkort)
- Bompengar
- Dommarutgifter.

Det vert ikkje dekkja km. godtgjersle. Kjøring må fordelast på foreldre.

### Treningskampar:

Utgifter utanom dommarutgifter til treningskampar vert ikkje dekkja av klubben.

### Deltaking i cupar:

#### Norway Cup:

På Norway Cup deltek:

- Junior/ Junior dame (17-19)
- Gut/ Jente 16
- Gut/ Jente 15
- Gut/ Jente 14.

Ein kan i tillegg delta på opptil 3 cupar pr. år i Hordaland/ Rogaland. Cupar i Sunnhordaland kan komma i tillegg. SU oppfordrer til deltaking i Telenor Cup for 16 åringar og Junior, og Adidas cup for Gut/ jenter 13 og 15 år, med sine beste lag inkludert hospitanter.

Heimekampar skal så langt det er råd spelast i helger, eller på Finnås/ Rubb.

Deltaking i såkalla "elitecupar" for lag i ungdomsavdelinga må vera godkjent av SU før påmelding, og vera godt informert om og forankra/ stetta i foreldregrupper.

Klubben dekker påmeldingsavgift til laga som deltek i Norway Cup, Telenor Cup og Adidas Cup.

Utover dette må laga dekkja alle utgifter ved cupdeltaking.

## Etter kamp / trening:

Kvart lag er ansvarleg for å rydda bane/ tribune etter seg. Garderobar skal feiast/ ryddast.

Dette skal og gjerast i garderobe for gjestande lag. På bortekampar skal garderobe ryddast før avreise.

**Bremnes skal vera ein klubb som det er hyggeleg å ha på besøk!**

**Tribune:** Dette er ikkje garderobe. Bruk garderobane i hallen.

**Flytting av kampar:** Ved flytting av kampar må ein sjekka ledig banekapasitet og senda inn flytteskjema elektronisk til Hordaland eller Rogaland Fotballkrets. Flytteskjema finn ein på heimesida.

**Skader:** Eigendelar ved legebepesøk etter skader i kamp/ trening må dekkast av den enkelte. Ved alvorlig skade har me lisensforsikring som skal nyttast. Skadeskjema skal då snarast fyllast ut av føresette elektronisk. Slikt skjema finn ein på heimesida.

## Landslag/ Krets:

Klubben dekker reise til samlingar i regi av krets og forbund: Reisekostnader på rimeligaste måte.

Det vert ikkje dekka utgifter i samband med samlingar utover dette.

NB! Det vert ikkje dekka reiseutgifter for spelarar busette på Bømlø i samband med trening og kampar.

Bremnes leverer ut klede til spelarane, som skal nyttast på samlingar der ein representerer Bremnes Idrettslag.

## Innkjøp

Alle innkjøp til Fotball vert gjort av administrasjonen eller etter utlevert rekvisisjon. Alle innkjøp utanom vanlig forbruksmateriell som ballar, is, tape m.m. skal godkjennast av Fotballstyret.

## Arbeidsoppgåver lagleiar/oppmann:

- Tar seg av alle administrative oppgåver med laget.
- Legge inn på heimesida: Namn, fødselsdato, adresse, telefon og e-post til alle spelarane på laget.
- Gje beskjed til administrasjonen om nye spelarar snarast, slik at dei vert registrert i FIKS systemet. Dette er svært viktig på grunn av forsikring***
- Ansvarlig for at utdelt materiell blir behandla på forsvarlig måte.
- Oversikt over materiell (drakter/ ballar m.m.) ved sesongslutt.
- Sørgja for utstyr (ballar, banemarkering ) i samband med heimekampar.
- Levera domarreknig på klubbkontoret.
- Leggja ut for bompengar til sjåførar under bortekampar. Til kampar der ein nyttar ferje har me verdikort som skal brukast. Etter kvar kamp må det skrivast reiserekning. Den vert refundert så snart me får den inn. Reiserekning kan lastast ned på heimesida vår: [www.bremnesil.no](http://www.bremnesil.no)
- Ta kontakt med dommar og gjestande lag i god tid før kamp. (Heimekampar)
- Ta imot dommar og gjestande lag ved heimekampar. Møt opp i god tid.
- Organisera transport til bortekampar. (Kjørelister)

## Diverse informasjon – utstyr:

- Alle som er med som trenar/ leiar i Bremnes IL må vera medlem og betala medlemskontingent.
- Alle som er med som trenar/ leiar i Bremnes IL må ha vist gyldig politiattest.
- Som trenar/ leiar i Bremnes IL pliktar du å fylgja sportsplanen til klubben.
- Kwart lag får utlevert 1 sett drakter før sesongstart. Draktene skal leverast inn samla etter at sesongen er avslutta . Draktene må vera vaska og tørka.
- Alle trenarar i senioravdelinga skal ha og bruka **Trenarpakke 1 eller 2** med same reklame som laget dei trenar.
- Alle trenarar/ leiarar på lag i barne- og ungdomsavdelinga vert oppmoda kjøpe **Trenarpakke 1 eller 2** til bruk under kampavvikling/trening.
- Krinskontaktar, medlemmar i sportsleg utval samt styremedlemmar får og same tilbod
- Rekrutteringsdommarane får eigen klespakke.
- Alle spelarar som blir teken ut på kretslag/ landslag skal få BIL spillerpakke. Rekvisisjon til kjøp får ein på klubbkontoret. Spelarane skal bruka klubbgenser/ jakke når dei representerer laget.

## **Dugnad:**

Sjå eige dugnadsreglement på heimesida.